

Kompetansealliansen Møre og Romsdal

Stad/dato: Blue Innovation Arena, NMK Ålesund 12.juni 2019

Bergljot Landstad innleia med å ønskje velkommen til første møte i Kompetansealliansen Møre og Romsdal, og vise til bakgrunn og formålet med Kompetansealliansen. Det er mange prosessar i gang for å adressere korleis ein skal lukkast med å skape innhald og form på utdanningstilbodet i tråd med behov i arbeidslivet. Og kompetansepolitikken er i endring. Døme;

- Nye læreplanar for grunnskule og videregående opplæring.
- Kompetansebehovsutvalget er sett ned med følgende formål: *frembringe den best mulige faglige vurderingen av Norges fremtidige kompetansebehov som grunnlag for nasjonal og regional planlegging og for den enkeltes og arbeidslivets strategiske kompetansebeslutninger*
- Ekspertutvalget for etter og videreutdanning (Markussen-utvalet), har nettopp lagt fram NOU «Lære hele livet».
- Regjeringa jobbar med einkompetansereform som skal leggest fram 2020.
- Arbeidslivet sjølv er pådrivarar for å gjere endringar i utdanningstilbodet, seinast gjennom Norsk Industri sitt «Veikart for kompetanse».

Ein av fellesnemnarane for mange av desse prosessane er at det er behov for å sjå både på innhald, og på kva måte det vart lagt til rette for kompetanseheving i arbeidslivet.

Formålet med Kompetansealliansen er todelt, både å samle innspel for å tilpasse utdanningstilbodet, men også å kunne gi innspel tilbake til arbeidslivet om korleis Kompetansealliansen samla sett ser på kompetansebehovet framover.

NTNU og Høgskulane

Annik Magerholm Fet (NTNU Ålesund), Steinar Kristoffersen (Høgskolen i Molde) og Jens Standal Groven (Høgskulen i Volda) informerte om kva NTNU og høgskulane gjer for å tilpasse seg arbeidslivet sitt kompetansebehov i utdanningane.

Kjersti Kleven – Læring for arbeid; kva - kven – korleis

Kjersti Kleven peika mellom anna på at utfordringa framover ikkje berre er å definere KVA kompetanse det er behov for, men også KORLEIS den enkelte tileignar seg kompetanse. Måten vi tileignar oss kompetanse er i endring, og Kjersti viste fram nokre døme frå skulen og arbeidslivet.

Torger Reve

Torger Reve hadde fått i oppgåve å sjå på kompetansebehovet i Møre og Romsdal sett utanfrå. Torger Reve viste til at heile verda konkurrerer om å vere mest muleg attraktiv for lokalisering av kunnskapsbasert berekraftig næringsliv.

Reve viste til at det er innan havbaserte næringar og energi Noreg har internasjonal konkurransekraft. For å styrke Noreg og Møre og Romsdal handlar det om å bygge sterkare økosystem for innovasjon. I Møre og Romsdal trakk Reve spesielt fram mangelen på kapital og at vi ikkje er god nok til å få raskare vekst for bedriftene og gründarane i fylket.

Torger Reve viste til at Møre og Romsdal har mykje industri, men at ein ikkje kan forvente at den vil stå for like høg vekst framover, den største veksten vil kome i dei kunnskapsintensive næringane. Torger Reve utfordra Kompetansealliansen på at det framstår som at Møre og Romsdal som region er blitt seg sjølv nok og har eit for høgt sjølvbilete.

Gruppearbeid – personar

Etter lunsj var det lagt opp til gruppearbeid, økta vart leia av Ragna Brenne Bjerkeset frå Protomore kunnskapspark. I gruppearbeidet skulle vi først diskutere behovet for sju ulike personar i eit kompetanseperspektiv, før vi seinare skulle foreslå løysingar for desse.

Under er det oppsummert nokre funn som gjekk igjen på fleire av gruppene.

1. Samandrag

Praksisorientering i utdanninga. I fleire av løysingsforslaga var gruppene inne på behovet for meir praksisorientering i utdanningstilbodet. Det vart peika på ulike tiltak, mellom anna case frå arbeidslivet inn i undervisninga, hospiteringsordningar for undervisningpersonell (på vgs, fagskule og UoH) og bruk av gjesteforelesarar frå arbeidslivet.

Synleggjering av EVU-tilbod. Fleire av gruppene var innom at det finst ei mengde tilbod om etter- og vidareutdanning som er lite kjent for mange, og at det er behov for å synleggjere dei tilboda som finst på ein betre måte enn i dag.

Nettverk i EVU. Det å kunne ta etter- og vidareutdanning saman med andre frå ulike bedrifter og bransjer og næringar, kan gi ein eigen verdi i seg sjølv. Ein knyter nettverk, og kan lære av andre.

EVU tilpassa folk i arbeid. Det vart frå fleire spelt inn behov for at dette i stor grad bør skje gjennom kortare kurs og/eller samlingsbasert slik at de tilsette kan kombinere kompetanseheving med å stå i jobb. Modulbaserte tilbod, kveldstilbod og nettbaserte tilbod er døme på innspel.

Ansvar for eigen kompetanseutvikling. Ansvar for kompetanseheving for den enkelte arbeidstakar ligg ikkje berre til samfunnet og til arbeidsgivar, fleire innspel gjekk på at den enkelte har eit ansvar for å heve sin kompetanse.

Leiing. Kompetanse på leiing var trekt fram som eit viktig fagfelt. Den ekstreme endringstakta krev mykje av leiarane. Motivasjonsteori og det å forstå menneskeatferd, er viktige eigenskaper for å kunne leie. Med eit aukande kunnskapsinnhald i produkt- og tenesteproduksjonen trengs det fleire med høgt utdanningsnivå i organisasjonen, og det å leie fagekspertar som kan meir om faget enn leiinga utfordrar leiarrollen.